

Pressemelding frå Hyllestad kommune

17. desember 2020

Hyllestad satsar på omstilling og vekst

- ✓ Hjørnesteinsbedrifta Havyard legg om drifta og må nedbemanne i 2021
- ✓ Hyllestad kommune tek grep for å minimere dei negative konsekvensane og gripe nye moglegheiter
- ✓ Eit prosjekt er etablert av kommunen med nabokommunane Høyanger og Fjaler, Havyard og dei tilsette der, Akvahub, Gulen og Masfjorden Næringshage og Aksello på laget.

Som Havyard har informert om tidlegare i haust, står verftet i Hyllestad foran store endringar neste år.

- *Havyard har gjort eit strategisk vedtak om å legge om produksjonen i Hyllestad frå store nybygg til meir reparasjon og service, fortel dagleg leiar Erlend Hatleberg.*
- *Det har diverre den konsekvensen at vi må redusere staben av fast tilsette med ca. 100 personar i løpet av 2021.*

For lokalsamfunnet vil denne reduksjon kunne få store konsekvensar. Hyllestad kommune har difor teke initiativ til eit prosjekt med to hovudmålsettingar.

- *Vi ønsker å unngå arbeidsløyse og utflytting på grunn av nedbemanninga på Havyard, seier Hyllestad-ordførar Kjell Eide*
- *Men vi nyttar samstundes høve til å finne nye vekstområde for næringslivet i kommunen og nabokommunane, med bruk av mellom anna den framifrå kompetansen som finns blant dei som no kan bli oppsagde.*

Med i prosjektgruppa er Hyllestad kommune, leiinga i Havyard, dei tilsette i Havyard, det lokale akvakulturselskapet Akvahub, Gulen og Masfjorden Næringshage og næringsutviklingsselskapet Aksello.

Dei tilsette sin representant på Havyard, Jan Olav Gjerde, håpar at oppseiingane vert så få som mogleg.

- *Men når det først skal skje, så set vi stor pris på at så mange sterke aktørar går saman om eit slikt prosjekt for å gjere endringane så positive som mogleg for dei det gjeld, seier han.*

Prosjektet vil ha samtaler med dei tilsette for å kartlegge om nokon ønsker å ta vidare-utdanning, om nokon kan tenke seg å bli gründer og starte for seg sjølv med ei ny bedrift,

om nokon ønsker og kan gå av med pensjon, eller om dei fyrst og fremst ønsker anna arbeida i ei anna lokal bedrift.

– Vi vil ta kontakt med verksemder frå Gulen i sør til Sunnfjord og Kinn i nord for å høyre om deira behov for kompetanse og arbeidskraft, seier prosjektleiar Arne Olsen i Aksello.

– Med på laget har vi NAV, Folkeuniversitetet, Høyanger Næringsutvikling, Fjaler Næringsutvikling, Innovasjon Norge, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Vestland fylkeskommune og andre som kan og vil bidra for å nå målsettingane i prosjektet, avsluttar han.

For ytterlegare informasjon om prosjektet, ta kontakt med ordførar Kjell Eide (telefon 99271900 eller e-post: kjell.eide@hullestad.kommune.no) eller prosjektleiar Arne Olsen i Aksello (telefon 97573599 eller e-post arne@aksello.no).